



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

15 AUG 2011

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200900593-20 ki/krn

Arkiv: 312 /030.4Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kristine Naas

22 95 97 66

Asbjørn Nygård – Søknad om løyve til Kleppa kraftverk i Forsand kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Asbjørn Nygård, datert 20.06.2011, om løyve til Kleppa kraftverk i Forsand kommune.

Tiltaket ligg i Espedalsvassdraget, som vart verna i verneplan IV (St. prp. nr. 118 (1991-1992)). Det kan søkes løyve om kraftverk opp til 1 MW i verna vassdrag. Kleppa kraftverk vil nytte eit brutto fall på 379 m i Kleppaåna med inntak på kote 437 og avlaup frå kraftstasjonen på kote 58. Inntaket ligg på grensa til Frafjordheiane landskapsvernområde. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på om lag 0,5 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 2,5 GWh. Vassvegen er planlagt som røyr i dagen i øvre del, og nedgrave i nedre del av strekninga. Eksisterande skogsvegar vert nytta, det må etablerast veg på ein mindre etappe frå eksisterande veg til inntaket. Søker forslår slepp av minstevassføring på 43 l/s heile året forbi inntaket til kraftverket.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Kleppa kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Per Torbjørn Espedal i Ryfylke Energi på tlf. 51 97 78 50 eller e-post: te@ryfylkeenergi.no.

NVE ber Forsand kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kommunehuset i Forsand fram til **03.10.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **03.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


for Øystein Grundt
seksjonssjef


Kristine Naas
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste